



GLOPPEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Rådmannen (oppvekstutvalet)	27.10.2005	119/05

Avgjerd av: Oppvekstutvalet	Arkiv: A21	Arkivsaknr.: 05/1398-3
Saksbehandlar: Arne Eikenes	Objekt:	

REVIDERT RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN - HØYRING

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	07.09.2005	Det Kongelige Barne- og familiedepartement	Forslag til revidert rammeplan for barnehagen - høyring

Saksvedlegg:

Ingen

Bakgrunn for saka:

Ny barnehagelov vert verksam frå 1. januar 2006. Det kongelige barne og familiedepartementet har sendt på høyring ny rammeplan, som vil vere ei forskrift til lova. Også planen skal setjast i verk frå 1. januar -06. Høyringsutkastet byggjer på rammeplanen frå 1995 og framlegg frå ei arbeidsgruppe som leverte innstillinga si den 5. juli. Rammeplanen skal gje retningslinjer for innhald og oppgåver i barnehagen. Planen skal gje tilsette, eigar og tilsynsmynde ei forpliktande ramme for arbeidet. Rammeplanen skal også vere eit utgangspunkt for at foreldra kan vere med og påverke innhaldet i barnehagen.

Høyringsfrist: 7. november.

Saksutgreiing:

Barnehagane har hatt revidert rammeplan som tema i personalmøte. Nokre av barnehagane har også hatt planen som sak i samarbeidsutvala. Planen var hovudtema på samling for styrar i kommunale og private barnehagar i Gloppen onsdag 28. september. Gloppen kommune sine høyringskommentarar byggjer på tankar og konklusjonar som har kome fram i dei fora som er nemnde ovanfor.

Følgjande hovudmoment har kome fram i prosessen:

- Planen er kortare og meir fortetta enn den førre, og mykje nedkorta i forhold til framlegget frå arbeidsgruppa, men han er likevel forholdsvis lett å lese. Mykje teoristoff og faguttrykk frå den førre planen er vekke.
- Krava/ forventningane til eigar, tilsynsmynde og tilsette er presiserte. Dette inneber at planen vert meir forpliktande for desse aktørane.
- Vaksne si rolle i kvardagen til barna er framheva. Planen understrekar at veremåten til dei vaksne er viktig for trivsel og læring hos barna.

- Personalet skal tilrettelegge for at foreldre og barn skal vere med og påverke kvardagen i barnehagen. Dette punktet ser likevel ut til å vere svakare formulert enn det var i framlegget frå arbeidsgruppa.
- Samarbeidet mellom ulike institusjonar er framheva som viktig. Planen legg føringar for samarbeid for å utvikle gode overgangar mellom barnehage og skule.
- Omsorg, oppseding og læring er sentrale fundament i planen. Omsorg har fått stor plass. Formuleringane er sterke på sentrale punkt.
- Leik og læring er framleis sentrale ordpar (kapittel 5). Leiken skal ha ein sentral plass. Formuleringa "lek **kan** også brukas som arbeidsmetode i barnehagen" er ikkje god. Leiken **skal** vel framleis vere ein viktig arbeidsmetode !?
- "Sosial kompetanse" er innarbeidd som faguttrykk i barnehagen. Formuleringa er ikkje brukt i ny plan. Kva er grunnen?
- **Planen føreset at lærande aktivitetar i større grad enn før skal foregå både ute og inne.** Det er ikkje logisk at styrte, lærande aktivitetar berre skal foregå inne. **Endringa er difor viktig.**
- Planlegging, dokumentasjon og vurdering er – i takt med tida - sentrale omgrep i kapittel 7. Andre avsnittet i kapittel 7.2 er viktig. **Barnehagen må ikkje bli så dokumentasjonsretta at foreldra føler at både dei sjølve og barna nærast vert overvaka av barnehagen.**
- Det vil vere **behov for temahefte** om følgjande: **IKT, likestilling, vaksne i barnehagen, dokumentasjon og vurdering, fleirkulturelle barnehagar, barnehagetilbod for barn i alderen 0 – 3 år.**
- Rammeplanen vert krevjande. Det vil verte **behov for friske midlar til kompetanseheving.**
- Planen føreset eit kompetent personell. **Vi stiller spørsmål ved om måla i planen kan nåast utan auka pedagogtettleik.**

Hovudkonklusjon:

Ny rammeplan vil bli ein god reiskap for styrking og vidareutvikling av barnehagetilbodet vårt.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen støttar seg på materialet ovanfor i vurderinga si. Barnehagane i Gloppen har gått forholdsvis nøye gjennom framlegget til ny rammeplan, og vurderingane deira er nærast eintydig positiv. Ut frå dette tilrår eg at strekpunkta ovanfor vert Gloppen kommune sin høyringsguttale til revidert rammeplan.

Rådmannen sender saksframlegget til departementet innan høyringsfristen, 7. november. Om Oppvekstutvalet vel å gjere endringar, vil desse bli ettersende umiddelbart etter møtet i utvalet.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Oppvekstutvalet er samd i rådmannen sitt framlegg til uttale om ny rammeplan for barnehagen.